

## Sakspapir

Saksnr	Utval	Møtedato
008/2014	Kraftfondsstyret	02.12.2014
085/2014	Kommunestyret	11.12.2014

Sakshandsamar	Arkiv	Arkivsaksnr.
Svein Helge Hofslundsengen	FE - 151	14/1195

### Kraftfondsbudsjettet for 2015

#### 1. Årsbudsjettet for 2015 for Masfjorden kraftfond vert fastsett slik;

	Budsjett
	2015
Påfyll kraftfondet - konsesjonsavgift	-2 600 000
Avdrag og rente utlån frå kraftfondet	-140 000
Renteinntekter, fondsmidlane	-10 000
div. inntekter/sal av turbok./ref. HFK	0
<b>Sum inntekter</b>	<b>-2 750 000</b>
Masfjordsambandet - brufond jf. KS 45/12	1 000 000
LVK, regionrådet, m.fl. – tilskot/kontigent 2015	400 000
Kraftspel, annonsering tomtar/profilering av kommunen/div	200 000
Næringsarbeid innan kommuneadminstrasjonen	100 000
Sertifikatordninga	30 000
Netto tilføring kommunen's driftsbudsjett 32504	50 000
Tilrettelegging bustadforemål	150 000
Elevbedrift/grundercamp	20 000
Andre nærings tiltak - (GMU med 250.000)	250 000
Etableringstilskot	150 000
Frie fondsmidlar til fordeling	400 000
<b>Sum utgifter</b>	<b>2 750 000</b>

2. tildeling av frie midlar frå kraftfondet skjer ved hovudfordeling med søknadsfrist 15. juni, og handsaming av kraftfondstyret i september. 2.tildeling med søknadsfrist 1.november og handsaming i desember. Det vert opna for å ta opp hastesaker.

### Kraftfondsstyret - 008/2014

#### **KF - behandling:**

Rådmann Svein Helge Hofslundsengen orienterte kort.

**KF - vedtak:**

Kraftfondstyret kan ingen merknader til Kraftfondbudsjettet for 2015

**Kommunestyret - 085/2014****KS - behandling:**

Ordfører Karstein Totland gjekk gjennom saka.

Saka vart drøfta.

**Willy Borge, Frp**, la fram følgjande framlegg til endring i vedtak frå **Frp, H og V**:

Netto tilføring kommunens driftsbudsjett 32504, kr 50 000,-flyttast til posten Etableringstilskot som då vert auka til kr 200 000

**Røysting:**

Framlegger til endring av vedtak vart samrøystes vedteke.

**Willy Borge, Frp**, la fram følgjande framlegg til vedtak frå **Frp, H og V**:

Frp, H og V ber GMU om å lage eit eige konkret prosjekt for å profilere Masfjorden med tanke på å få nye innbyggjara. Prosjektet skal vere innanfor gitte tilskudd til GMU.

**Røysting:**

Framlegg til endring av vedtak vart samrøystes vedteke.

**KS - vedtak:**

**1. Årsbudsjettet for 2015 for Masfjorden kraftfond vert fastsett slik;**

		Budsjett
		2015
<b>Inntekter:</b>	Påfyll kraftfondet - konsesjonsavgift	-2 600 000
	Avdrag og rente utlån frå kraftfondet	-140 000
	Renteinntekter, fondsmidlane	-10 000
	div. inntekter/sal av turbok./ref. HFK	0
	<b>Sum inntekter</b>	<b>-2 750 000</b>
<b>Utgifter:</b>	Masfjordsambandet - brufond jf. KS 45/12	1 000 000
	LVK, regionrådet, m.fl. – tilskot/kontigent 2015	400 000
	Kraftspel, annonsering tomtar/profilering av kommunen/div	200 000
	Næringsarbeid innan kommuneadminstrasjonen	100 000
	Sertifikatorordninga	30 000
	Netto tilføring kommunen's driftsbudsjett 32504	0
	Tilrettelegging bustadforemål	150 000
	Elevbedrift/grundercamp	20 000
	Andre næringstiltak - (GMU med 250.000)	250 000
	Etableringstilskot	200 000
	Frie fondsmidlar til fordeling	400 000
	<b>Sum utgifter</b>	<b>2 750 000</b>

**2. tildeling av frie midlar frå kraftfondet skjer ved hovudfordeling med søknadsfrist 15. juni, og handsaming av kraftfondstyret i september. 2.tildeling med søknadsfrist 1.november og handsaming i desember. Det vert opna for å ta opp hastesaker.**

### **Underliggende saker:**

#### **Bakgrunn**

Kraftfondet blir årleg tilført konsesjonsavgift frå BKK produksjon, justert kvart 5.år. Sist justering var i 2010, kor konsesjonsavgifta vart sett til kr. 2.599.156. Ny justering er forventa for dette budsjettåret (2015). I tillegg til inntekter i form av konsesjonsavgift blir fondet tilført midlar i form av attendebetaling utlån kraftfondet – i budsjettframlegg år 2015 har vi lagt til grunn kr. 140.000,- i sum avdrag og rente utlån. Renteinntekter av fondsmidlane er budsjettert til 10.000,-. Kommunen står fritt til å tilføre fondet renteinntektene av utlån frå kraftfondet og bankinnskot. Budsjettframlegget til administrasjonen inneber at renteinntekter kalkulert til kr. 10.000 blir tilført kommunen sitt driftsbudsjett, og ikkje tilført kraftfondet.

#### **Fakta**

##### ***Postar under budsjettet til kraftfondet 2015;***

1. Masfjordsambandet, avsetjing med 1 mill.kr.

**Masfjordsambandet - løyving av egne midlar til prosjektet**  
vedtak i Masfjorden kommunestyre den 31.05.2012.

**KS-045/12 VEDTAK:**

**1. Masfjorden kommune går inn med 40 mill.kr. som eigenfinansieringsdel Masfjordsambandet.**

**2. Det vert gjort ei årleg avsetjing på 1 mill.kr. frå kraftfondet til brufond til prosjektet vert realisert og finansieringsbehovet oppstår.**

**3. Restsum mellom 40 mill.kr. og oppsamla midlar i brufondet vert ved oppstart finansiert ved låneopptak, kor årleg avdrag og rente vert dekkja av kraftfondet.**

2. Det ligg i budsjettframlegget frå administrasjonen inne finansiering av tilskot for regionrådet (140.000), i 2014 tok ein omsyn til i budsjett ein del postar som før ikkje har vore budsjettert – men som kommunen har forplikta seg til som BRB tilskot, kompetanse, sekretariat kontrollutval, biosfæreprosjektet etc., utover postar til regionrådet, ligg her inne tilskot Hordaland olje og gass (10.000) og LVK for 2015.

#### Nordhordland Utviklingsselskap IKS

Kommunane har bedt om foreløpige budsjettal for 2015 slik at dei kan leggja dette inn i budsjettarbeidet sitt for 2015. Her fylgjer foreløpige tal frå NUI med kommentarar.

Førebels budsjett for 2015 - (29.09.14)								
Kommune	Medlemskontingent	BRB kontingent	Kompetanse prosjektet	Sekretariat kontrollutvalet	Yrkes/utd	Biosfære*	Sum	% av 2014
1266 Masfjorden	139 000	17 000	24 000	67 000	5 000	34 000	286 000	107,6 %

3. Ein foreslår å vidareføre siste års løyving/pott på inntil kr. 200.000,- til løpande annonsering av tomteareal, av kommunale arrangement (kraftspela – kr. 150.000), støtteannonser, profileringstiltak og representasjon delegert til rådmann/ordfører i fellesskap. Denne posten er og viktig med tanke på ekstra fokus folketalsutvikling og det er her kommunen sin finansieringsdel kring kraftspela vert finansiert. Tiltaket vert ført under konto 11403, teneste 32504 i kommunerekneskapen – rammeområde felles.

4. Det ligg i budsjettframlegget inne midlar til næringsarbeid under rådmannskontoret med kr. 100.000. Teneste 12001 rådmannskontoret i kommunerekneskapen – rammeområde administrasjon. Dette er midlar som vert tilført driftsbudsjettet til kommunen.

5. Sertifikatorordninga – vidareføring av ordninga. Tiltaket vert ført over teneste 18006 – rammeområde felles – budsjett tilpassa reelt behov. Det er lagt opp til nye kurs etter behov, slik at tilbodet vert vidareført i tråd med intensjonen.

6. Kommunen står fritt til å tilføre fondet renteinntektene av utlån frå kraftfondet og bankinnskot. Budsjettframlegget til administrasjonen inneber at renteinntekter (fondsmidlar) kalkulert til kr. 50.000 blir tilført kommunen sitt driftsbudsjett. Tiltaket vert ført under konto 19006, teneste 32504 i kommunerekneskapen – rammeområde felles

7. Ein har lagt inn ein post relatert til fleire forhold om medfinansiering av nye bustadføremål som saman med etableringstilskot, kommunale avgifter og tilknytingsavgifter dannar grunnlag for realisering av ein del prosjekt. Dette er forhold som ligg i kommunen sitt investeringsbudsjett, som vert delfinansiert med bruk av fond. Det er sett av ein del unytta midlar tidlegare år, slik at denne summen vert sett til kr. 150.000 i 2015 budsjettet.

8. Det ligg inne midlar til elevbedrift/grundercamp – kr. 20.000. Tiltaket vert ført over teneste 18006 – rammeområde felles

9. Kraftfondstyret har vedteke ei ordning med tilskot mjølkekvotar – omfanget av kjøp har svinga, med gradvis minka. Stor løyving i 2013. reknar ikkje med at det dukkar opp så mange søknader i 2015. Tiltaket vert ført under teneste 32504 i kommunerekneskapen – rammeområde felles. Ein har ein unytta pott landbrukssaker som evt. kan nyttast i 2015

10. Andre nærings tiltak, gjeld løyving til GMU med kr. 250.000 for 2015.

11. Det er sett av ein stort pott til ordning med etableringstilskot – ut i frå pågang og førespurnader siste åra, samt at tilskotet kan knytast til pkt. 4 medfinansiering nye bustadfelt.

12. Utvida rutetilbod for kabelferja Masfjordnes – Duesund, kommunal finansieringsdel, tidsavgrensa og ein legg til grunn at kommunal finansieringsdel ute i 2015 (løyving tidlegare på omlag 37.000).

13. Etableringstilskot – jf. gjeldande ordning – sett av 150.000 til føremålet – og ramme for 4-5 bustadtilskot i 2015.

14. Søknad om støtte (lån & tilskot) gjennom kraftfondet frå næringslivet har svinga mykje, ein aukar opp att posten i høve 2014 budsjettet (80.000), og sett denne summen til kr. 400.000,-.

Tabellen under summerer opp tekstdel under pkt. 1-14 for 2015, og med referanse budsjett 2014, og siste års avlagde rekneskap.

	Budsjett	Budsjett	Rekneskap	Rekneskap	Rekneskap
	2015	2014	2013	2012	2011
Påfyll kraftfondet - konsesjonsavgift	-2 600 000	-2 600 000	-2 601 612	-2 599 156	-2 599 156
Avdrag og rente utlån frå kraftfondet	-140 000	-140 000	-214 801	-944 624	-175 642
Renteinntekter, fondsmidlane	-10 000	-10 000	-35 255	-65 094	-21 295
div. inntekter/sal av turbok./ref. HFK	0	0	-2 560	-417	-1 346
<b>Sum inntekter</b>	<b>-2 750 000</b>	<b>-2 750 000</b>	<b>-2 854 228</b>	<b>-3 609 291</b>	<b>-2 797 439</b>
Masfjordsambandet - brufond jf. KS 45/12	1 000 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000	
LVK, regionrådet, m.fl. – tilskot/kontigent 2015	400 000	350 000	355 000	370 014	324 482
Kraftspel, annonsering tomter/profilering av kommunen/div	200 000	200 000	438 073	429 463	485 682
Informasjon/heimesida/Masfjordingen	0	0	0	0	0
Næringsarbeid innan kommuneadminstrasjonen	100 000	100 000	100 000	100 000	100 000
Sertifikatordninga	30 000	30 000	57 000	15 875	45 000
Netto tilføring kommunen´s driftsbudsjett 32504	50 000	50 000	5 260	114 771	50 000
Tilrettelegging bustadforemål	150 000	150 000	318 000	0	300 000
Elevbedrift/grundercamp	20 000	20 000	20 000	0	0
mobil/breibandsdekning	0	400 000		0	221 902
Mjølkekvotar jf. vedtekne ordning	0	0	0	0	0
Landbrukstiltak	0	0	0	0	0
Andre nærings tiltak - (GMU med 250.000)	250 000	250 000	250 000	280 000	310 000
Kabelferja - vidare finansiering av utvida rutetilbod	0	0	34 768	34 768	33 934
Etableringstilskot	150 000	120 000	190 000	70 000	160 000
Frie fondsmidlar til fordeling	400 000	80 000	160 870	20 000	70 000
<b>Sum utgifter</b>	<b>2 750 000</b>	<b>2 750 000</b>	<b>2 928 971</b>	<b>2 434 891</b>	<b>2 101 000</b>

## **Konklusjon**

Det vert lagt fram eit balansert 2015 budsjett for kraftfondet, som tek høgde for storsatsinga kring Masfjordsambandet, og løyving med 1 mill.kr. Rekneskapen for kraftfondet i 2013 ga eit meirforbruk (kraftspela), medan erfaringane tidlegare år, er at kraftfondet har hatt større mindreforbruk – slik at konsekvensane for dei andre føremåla inn under kraftfondet ikkje vert så store jf. siste års løyvingar og bruk.